



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Møteprotokoll

Møtedato: Møte nr. 3/ 2024 – Tysdag 29. Oktober 2024, kl 17.30

Møtestad: Sveio Soknehus

Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:

Frå Førde & Valestrand sokneråd:

Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Frå Sveio sokneråd:

Rune Hjelmeseter, Astrid Furdal, 1. vara Kjell Gunnar Nymark og 2. vara Sigrund Breistig

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge

Prest: Arild Steinsland

Fråfall vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Svein Arne Theodorsen

Fråfall til dette møtet: Elisabeth Reiersen (arbeid). For Rune Hjelmeseter (som går ut av styret eller val i Sveio sokneråd) møtte Sigrund Breistig (nytt medlem etter val i Sveio sokneråd).

Som ny vara for Sigrid Breistig møtte Anne Vierdal.

Tekst for dagen ved Arild Steinsland.

Saker som skal behandlast:

Godkjenningssaker.

20/2024 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 030924.

21/2024 Godkjenning av Revisjonsmelding for Sveio kyrkjelege Fellesråd 2023, vedlegg sak 21/2024.

22/2024 Val av leiar og nestleiar for 2025, perioden 011224-301125.

Drøftingssaker – aktuelle utlysingar.

06/2024 Status Ny kantor/ organist/ kyrkjemusikar etter Ingrid som slutta 290224.

07/2024 Status Ny kyrkjelydspedagog etter Haldis som har sagt opp stillinga si fom 010225

16/2024 Status Ny kontorsekretærstilling etter Brit som slutta i stillinga si 011024.

Drøftingssaker – andre saker.

09/2024 Justering av pris på feste og stell-avtalar. (Overført frå 040624 og 030924)

10/2024 Justering av pris på leige av kyrkjene i Sveio. (Overført frå 040624 og 030924)
11/2024 Status Ny Minnelund i Sveio ved Eikeland kapell - namneplater - status.
23/2024 Tilbod frå Fjordkraft – ny straumavtale, vedlegg sak 23/2024.

Orienteringssaker.

24/2024

- A. Staben vår.
- B. Valestrand kyrkje - roteskade i tak – kostnad og status.
- C. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.
- D. Rehabilitering av altertavla i Valestrand kyrkje – status.
- E. Rehabilitering v tak i Sveio kyrkje – finansiering, status og framdriftsplan.
- F. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar – status og framdriftsplan for oppfølging.
- G. Det vart gitt Bårebukett til Ingrid si gravferd frå Fellesrådet.
- H. Rekneskap pr 291024 mot budsjett.

Neste møte – kjende saker.

- Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 291024.
- Rekneskap mot periodisert budsjett pr siste mnd.
- Innspel til Budsjett 2025.
- Vurdering/ justering av prisar ved gravferd/ kremasjon for
- Vurdering/ endring av tilskot ved kremasjon
- Oppfølgingssaker frå 231123 – opplæring og kyrkje/ gravplassbesøk.
- Oppfølgingssaker frå 040624, 030924 og 291024.

Sveio, 25.10.2024

Sign

Tor Helge Hardeland
Leiar Fellesrådet

Rita Holmedal
Kyrkjevevje

GODKJENNINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	20/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 20/2024 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 030924.

Kyrkjevevja informerte om følgjande endringar i **innkallinga** pga val i Sveio sokneråd:

Rune Hjelmeseter går ut av styret og Sigrund Breistig går inn som medlem av styret for han. Anne Vierdal går inn som ny 2. vara for Sigrund Breistig.

Det vart elles meldt om feil i perioden for val av ny leiar og nestleiar til FR – perioden skal vera 01.12.2024 – 30.11.2025, Sak 22/2024 Val av leiar og nestleiar for 2025.

Vidare vert sak 23/2024 Tilbod frå Fjordkraft – ny straumavtale utsett inntil nærare avklaring med kommunen om kva avtalar vi har felles.

Møteprotokollen frå møtet 030924 vart godkjent utan merknader, og signert av Kjell Gunnar Nymark og Tor Helge Hardeland.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	21/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 21/2024 Godkjenning av Revisjonsmelding for Sveio kyrkjelege Fellesråd 2023.

Kyrkjevevja gjekk gjennom konklusjonen i meldinga, og det var ingen merknader til Rekneskapen for Sveio Kyrkjelege Fellesråd for 2023.

Revisjonsmeldinga vart dermed godkjent utan merknader.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	22/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 22/2024 Val av leiar og nestleiar for 2025, perioden 011224-301125.

«Regler om formene for menighetsrådet og kirkelig fellesråds virksomhet» slår fast at leiar og nestleiar i Fellesrådet skal veljast innan 1. januar kvart år. Leiar og nestleiar vert valde for eit år av gongen.

Over noko tid har det vore vanleg at dei to sokneråda har veksle på å ha leiarverv og nestleiarverv. Verva kan 'og gjenveljast for ny periode.

Første året i denne valperioden har Tor Helge Hardeland vore leiar og Rune Hjelmeseter vore nestleiar.

Både leiar og nestleiar set i Forhandlingsutvalet, medan leiar 'og set i partsamansett utval, ref Sak 18/2023.

Framlegg til leiar og nestleiar for komande år må fremjast i møte.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd gjer følgjande val:

- Leiar – Perioden: 01.12.2024 – 30.11.2025 blir:
- Nestleiar – Perioden: 01.12.2024 – 30.11.2025 blir:

Behandling i møte:

Det var ønske frå Sveio sokn om å utsetja saka til møtet 03.12. Årsaka var at Sveio sokn hadde behov for å gjera ei ny vurdering på kven som går inn i FR - etter som vedkomande 'og kan bli vald som leiar i FR for perioden 011224-301125.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

Møtet etterkom ønske til Sveio sokn - om å utsetja denne saka til møte 031224

DRØFTINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	06/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

06/2024 Ny kantor/ organist/ kyrkjemusikar etter Ingrid som slutta 290224.

Stillinga har dei to siste åra vore erstatta med vikar for kantor/ organist under gudstenester og gravferd mm, samt med vikardirigent og vikarorganist for Barnekoret. Budsjettmidlane til kantor har vore erstatta med reduserte budsjettmidlar til vikarar. Dette har gitt oss reduserte kostnader.

Etter møtet vårt 040624 har Kyrkjevevja hatt samtale med noverande kantor om ho ser for seg å auka stillingsprosenten sin hos oss – ho er i dag tilsett i ei 30% stilling. Gjer i denne samanheng merksam på at dei som har deltidstillingar hos oss har fortrinnsrett til nye stillingar om krav til kreterier for stillinga elles kan oppfyllest.

Vedkomande jobbe i dag som musikk lærar/ lektor ved ein vidaregåande skule i Haugesund i ca 70% stilling, men ho har fått signal om at det kan bli endringar fom neste skuleår – noko som kan gjera det muleg for henne å auka stillingsprosenten hos oss.

Tar 'og med at vi her snakke om ein svært dyktig kantor, og som kjenner til kyrkjene i Sveio svært godt. Vedkomande vil 'og flytte til Sveio i løpet av året/ neste år.

Dokument i saka:

- Ingen.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 040624:

- Stillinga bør tidlegast effektuerast fom 010125, viser til budsjett for 2024.
- Stilling og stillingsstorleik må drøftast i samband med budsjett for 2025.
- Stillingsutlysing og innhald – kva søker vi etter, og når søkje vi?

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 030924:

- Vi utsett utlysing av denne stillinga inntil vi får avklart om vedkomande, som i dag har ei 30% stilling hos oss, kan ta på seg ei større stilling - tidlegast frå hausten 2025.

Min bakgrunn for at dette er forsvarleg, er at vi pr i dag har ei god ordning med eit vel fungerande Barnekor med ein dyktig dirigent og organist. Vi har òg ein dyktig vikarorganist til andre kyrkjelege aktivitetar som gudstenester og gravferder mm, og som har sagt seg villeg til å gå for eit nytt vikariat i 2025 – om det vert aktuelt. Samtale med organist for Barnekoret er under arbeid, og vil bli gjennomført så snart det let seg gjera.

Vi vil saman med 30% stillinga prøva å få til ei betre koordinering mellom Barnekoret og kyrkja – slik at dei i større grad enn til no kan linkast opp mot aktivitetar i kyrkja. Vedkomande har fri frå skulen fredagar – desse dagane kan nyttast til arbeid med staben i Sveio etter behov.

Vedkomande vil ikkje overta arbeidet med Barnekoret i ei eventuelt auka stilling, men koordinera arbeidet saman med dirigent og organist for Barnekoret. Vi får svært gode tilbakemeldingar på ho som er dirigent for Barnekoret i dag – både frå foreldre, born og andre - ho har eit stort engasjement, og ei eiga evne til å få borna med seg.

Økonomien vår tilseier og at vi må vurdere kor stor stillingsstorleik vi kan tilby når den tid kjem.

Behandling i møte 030924:

Fellesrådet hadde ingen merknader til utsetjinga – ut over at dei sette frist fram til neste haust for ei avklaring med den som no innehar 30% stillinga.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030924:

Framlegg frå Kyrkjevevja, samt Fellesrådet sitt innspel vert sendt Sokneråda for uttale. Tilbakemelding snarast.

Tilbakemeldinga er at vi må sikre auka stilling frå hausten 2025 snarast.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 291024:

Kyrkjevevja har hatt samtale med noverande kantor/ organist, og ho vil gjerne auka stillinga si hos oss frå 30 til 50% - med oppstart fom august 2025. Ho vil då kunna gå inn som organist for Barnekoret og erstatta noverande organist – vedkomande sitt engasjement går då ut etter vårsemesteret og vert så sagt opp.

Ei auka stilling frå 30 til 50% vil utgjera kr 142 720 på årsbasis i auka lønnskostnad + sosiale kostnader på kr 42 816 om vi går ut frå eit påslag på 30%, totalt kr 185 536. Kostnaden med noverande organist for Barnekoret utgjer ca kr 60 000 pr år, og for vikarorganist under gudstenester, gravferder og vigslar ca kr 135 000 + sos kostnader på kr 40 500, totalt kr 175 500 .

Då står det att ca kr 52 000, og det betyr at om vi skal tilsetja ein kantor/ organist ut over 50%, må det innvilgast meir midlar til det.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 291024:

Ein ny søknad om midlar no, kan øydeleggja for diakonistillinga, og Kyrkjevevja fremjar derfor forslag om å auka stillinga til noverande kantor/ organist frå 30 til 50% frå august 2025 – der ein del av stillinga vert som organist for Barnekoret. Dette vil vi kunna gjera ca innanfor noverande ramme. Søknad om auka midlar til ny kantor/ organist-stilling vert så i samband med budsjettprosessen for 2026. Vi må då vurdere stillingsprosenten her - ut frå kva midlar vi får tildelt. Noverande vikarorganist vil kunne fylla manglande stillingsprosent ut 2025.

Behandling i møte 291024:

Det vart gjort litt avklaringar kring økonomien ved tilsetjing av ny kantor – det er ei høgt utdanna stilling og lønna vert dermed høg.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 291024:

Møtet vedtok innstillinga frå Kyrkjevevja.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	07/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

07/2024 Ny kyrkjelydspedagog etter Haldis som har sagt opp stillinga si fom 010225.

Vår kyrkjelydspedagog har sagt opp stillinga si fom 010225 og blir førtidspensjonist, og det kan vera ønskeleg med noko overlapping ved tilsetting av ny. Stillinga kan vidareførast med 60% utan anna konsekvens for budsjettet enn ei eventuell lønsauke.

Dokument i saka:

- Forslag til utlysingstekst, vedlegg 07/2024.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 030924:

- Det bør vurderast 1-2 veker med overlapping – det må i så fall setjast av midlar til dette i budsjettet for 2025.
- Stillinga kan vidareførast med 60% utan konsekvensar for budsjett.
- Stillingsutlysing og innhald – kva søker vi etter, og når søkje vi? Sjå utkast til annonse, vedlegg 07/2024.

Behandling i møte 030924:

- Det var semje om å prøva å få til ei overlapping innanfor budsjettet for 2025.
- Det vart elles fremja forslag om å auka stillinga med 10% ved bruk av fondet til trusopplæring. Fondet er i dag på ca kr 600 000. Bakgrunnen for forslaget var å auka aktiviteten – forslag til nye aktivitetarsom kom opp var søndagsskule og etter skuletid i Førde i tillegg til Sveio.
- Kyrkjevevja ville tilrå bruk av fondsmidlar til ordinær drift over mange år framover.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030924:

- Utkast til stillingsannonse (60% stilling), samt forslag om å auka stillinga med 10% ved bruk av fond vert sendt Trusopplæringsutvalet og sokneråda for uttale. Tilbakemelding snarast.

Tilbakemelding frå Trusopplæringsutvalet og Sokneråda.

Dei følgjer innstillinga til Fellesrådet – ønskje var høgare stilling frå sokneråda si side, men det var ikkje gitt tilbakemelding på korleis ein eventuell auke ut over vedteken 70% i FR skulle dekkast inn - eller kva aktivitetar denne skulle fyllast med. Ut frå tilbakemeldingane vart det dermed søkt om ei 70% stilling. Trusopplæringsutvalet hadde elles nokre mindre endringar i utkast til stillingsannonse - desse er tatt omsyn til i den endelege annonsa.

Status søknadsprosessen 291024:

Annonsa vart lagt ut på Arbeidsplassen på NAV, samt på Finn.no den 09.10 og på Yrkesfokus.no til kr 1900, 00 den 10.10. Denne veka kjem 'og annonsa i Vestavind til kr 4500,00 – den er lagt ut i nettavisa i dag og kjem i papiravisa torsdag 31.10. Søknadsfristen er sett til 04.11.

Pr møtedato har vi mottatt 2 søknader til den ledige stillinga.

Møtet hadde elles ønskje om at det under intervjuprosessen vart nemt av stillinga kunne bli utvida på sikt.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	16/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

16/2024 Ny kontorsekretærstilling etter Brit som slutta i stillinga si fom 011024.

Vår kontorsekretær har sagt opp stillinga si, og vil starte i ny jobb i Stord kommune 011024.

Stillinga vart sagt opp 250624 og gjort gjeldande fom 010724. Avvikling av ferie og ferietid gjorde at utlysing av stillinga vart sett på vent. Det har 'og gitt oss tid til å vurderer om vi midlertidig kan løysa oppgåvene med ressursar vi har tilgjengeleg i systemet vårt. Ei prioritert oppgåve har vore å få på plass ressursar som midlertidig eller på sikt kan overta oppgåvene når Brit slutte.

Forslag til løysing vert presentert i møtet.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 030924:

Forslag til midlertidig løysing vart presentert slik:

Noverande kontorsekretærstilling si 60%-stillingb vert delt i 3 x 20%-stillingar inntil vidare slik:

20% overtar Anne Vierdal som frå før har 25%-stilling som trusopplærar .

Ho vil primært jobbe med oppgåver knytta mot trusopplæring, oppfølging av påmeldingar og andre registreringar, samt post.

Stillinga vert effektivert fom 01.09 for å kunna få til opplæring før Brit slutte og fram tom 31.12. Ny vurdering vert gjort i perioden.

20% overtar Lars Edvart Larsen som frå før jobbe som kyrkjetenar hos oss, samt har vore inne som ferievikar over fleire år på gravplassane.

Han vil primært jobbe med oppfølging av Soknehuset sin utleigedel, bank, post og noko attesting, bilagsføring og avstemmingar.

Stillinga vert effektivert fom 01.09 for å kunna få til opplæring før Brit slutte og fram tom 31.12. Ny vurdering vert gjort i perioden.

20% overtar Kyrkjevevja. Dette gjeld hovudsakleg oppfølging av rekneskapsdelen som har vore tillagt kontorsekretærstillinga.

Denne stillinga vert effektivert fom 01.10 då Brit slutte.

Behovet for å lysa ut stillinga vert vurdert løpande.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030924:

Fellesrådet innstilte på framlegg frå kyrkjevevja.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 291024:

Vi må finna eller søkja etter vikar for Anne Vierdal som skal ha svangerskapspermisjon frå medio desember. Stillingane det gjeld er Trusopplærar i 25% og Kontosekretær i 20% stilling.

Vidare er det ønskeleg å forlengja den midlertidige 20%-stillinga til Lars Edvart Larsen som kontormedarbeidar ut 2025.

Det vil gi oss tid til å gjera ei ny vurdering når Anne er tilbake frå svangerskapspermisjonen hausten 2025.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 291024:

Vi finn/ søker vikar for Anne Vierdal sine stillingar på 25 og 20% i hennar svangerskapspermisjon, og vi forlenger Lars Edvart Larsen si midlertidige stilling ut 2025.

Behandling i møte 291024:

Møtet fremja eit forslag om å lysa ut ei 60% stilling som kontorsekretær.

Kyrkjevevja meinte at her var gjort eit vedtak i møtet 030924, som var godt dokumentert ut frå behovet i administrasjonen, og som starta ein tilsetjingsprosess som vi må halda oss til.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 291024:

Møtet vedtok forslaget som vart fremja i møtet, forslaget er vedlagt.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	09/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

09/2024 Justering av pris på feste og stell-avtalar – gjeldande fom 01.01.2025.

Saka vart fremja til FR-møtet 040624, og vil komma til behandling i FR-møtet i oktober.

FESTE.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:

Kyrkjeverja har henta inn prisar på feste frå Fellesråda i Sunnhordland og dei er slik:

Tysnes kr 250 pr år for kiste- og urnegrav, krav kvart 5. år. Frigrav 25 år
Etne kr 250 pr år til 60 år for kiste- og urnegrav, fom 60 år kr 350/500. Krav kvart 5. år. Frigrav 20 år
Bømlo kr 300 pr år for kistegrav 30-40 år, kr 400 40-60 år og kr 700 over 60 år. Krav kvart 5. år. Frigrav kiste 30 år og urne 20 år.
Sveio kr 250 pr år til 50 år for kiste- og urnegrav, fom 50 år kr 300. Beløpa er under revisjon. Krav kvart 10 år. Frigrav 30 år
Stord kr 350 blir revidert til 400 pr år for kistegrav, 250 til 300 for urnegraver. Frigrav 25 år for kistegrav og 20 for urnegrav. Krav kvart 5. år.
Kvh kr 300 pr år for kiste- og urnegrav, krav kvart 5. eller 10 år. Frigrav 30 år

Som de ser så er det stor variasjon, og fleire er under revisjon.

Elles om gravferd – dette punktet må vi komma tilbake til – må hente inn meir info frå dei andre Fellesråda i Sunnhordland, men tar med oversikt frå Kvinnherad – gjeld dei som bur utanfor kommunen/ prostiet eller ikkje er medlem av Den norske kyrkja – sjå bort frå det som gjeld montering/ oppretting – det gjeld ikkje oss:

Eingongsavgift for namna minnelund.....	kr. 3.000,-	Festeavgift etter 30 år
Gravlegging av kiste.....	kr. 9.000,-	Festeavgift frå første dag
Gravlegging av urne.....	kr. 4.000,-	Festeavgift frå første dag
Montering av gravminne.....	kr. 2.000,-	
Montering av gravminne + karm.....	kr. 2.400,-	
Oppretting av gravminne.....	kr. 1.200,-	

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak vedkomande feste:

Vi aukar festeavgifta frå kr 250 til kr 300 pr år frå 30-50 år, og frå 300 til 350 frå 50 år. Utsending av krav vert uendra med 10 år, med kan innvilgast med 5 år etter søknad. Frigrav 30 år blir 'og uendra.

Behandling i møte:

Kyrkjeverja meinte det var viktig at vi omtrentleg fylgde nivået til dei andre Fellesråda i Sunnhordland, og presenterte derfor ei oversikt som viste kva nivå desse ligg på i dag.

Det kom fram i møtet at vi hadde nokre gamle graver i Sveio, som kanskje hadde ein lågare pris. Kyrkjevevja vart bedt om å sjekka ut dette.

Møtet var elles samde i Kyrkjevevja sitt innspel.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak, og at Kyrkjevevja måtte sjekka ut om det var andre prisar på dei nemnte gamle gravene.

Vedtak om endring av feste skal formelt godkjennast av kommunen på lik linje med andre gebyr i kommunen, og blir oversendt for endeleg godkjenning.

STELL.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting:

Kyrkjevevja har her 'og henta inn prisar frå Fellesråda i Sunnhordland og dei er slik:

*Tysnes kr 2500 for påske, sommar, haust og krans til jul. kr 500 til adm
Etne kr 1500 for påske, sommar, haust og krans til jul. kr 500 til adm
Bømlo kr 2300 for standard vår, sommar og haust, kr 2700 for utvida alt inkl krans til jul
Stord kr 1800 for påske, sommar, haust og krans til jul blir auka til kr 2500
Sveio kr 1000 for påske, sommar, haust og krans til jul er under revisjon
Kvh Stelle ikkje graver – blir ordn gjennom gartneri/ blomebutikk*

Kostnaden vert fakturert årleg eller belasta legat. Ved tomt legat melder nokre frå via brev, medan andre stoppar stellet når legatet er tomt.

Bømlo differensiere prisen etter kor mange graver som er omfatta av stellet, utgangspris 1-4 graver, noko lavare 4-9 graver og lavast over 9.

Stord og kanskje fleire førte tidlegare renter frå legat tilbake til legatkontoane, men er slutta med det og føre dei no mot adm.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

Satsane for stell i Sveio har vore uendra over lang tid, og samsvarar ikkje lengre med det som elles vert tatt i Sunnhordland.

Kyrkjevevja fremjar derfor forslag om å auka den årlege satsen for stell frå kr 1000 til kr 2500 for å komma på nivå med resten av Fellesråda i Sunnhordland. Stellet omfatte blomar til påske og sommar, lyng på hausten og krans til jul.

Behandling i møte:

Møtet vurderte at det kanskje vart eit stort hopp, men at det var nødvendig for å komma på linje med Fellesråda kring oss.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

Møtet innstilte - etter behandlinga i møtet - på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	10/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

10/2024 Justering av pris på leige av kyrkjene i Sveio.

Saka vart fremja til FR-møtet 040624, og vil komma til behandling i FR-møtet i oktober.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:

Kyrkjeverja har her 'og henta inn prisar frå Fellesråda i Sunnhordland og dei er slik:

Tysnes kr 1000 for leige av kyrkja – gjeld 'og for leige til utanbygds gravferder - for opning/ lukking av grav kr 2000, kr 2800 for organist og kyrkjetenar, prisar for utleige til konsertar er under revidering.

Etne kr 2000 for leige av kyrkja til gravferd og vigslar for utanbygds personar og ikkje medlemmar, tillegg på kr 1500 for organist.

Bømlo

Stord kr 3300 for leige av kyrkja til gravferd og vigslar for utanbygds personar, samt ikkje medlemmar, kr 3700 for bruk av våre prestar. Kr 3300 sjølv om dei har med organist og prest. Eksterne konsertar i kyrkja - 15% av billettinntektene, minimum kr 1000. Lokale kor fast kr 1000 – beheld billettinntektene sjølve.

Sveio kr 3500 for leige av kyrkja til gravferd og vigslar for utanbygds personar, samt ikkje medlemmar. Utleige til konsertar må utarbeidast på nytt – uklare reglar i dag.

Kvh kr 2500 for leige av kyrkja til gravferd og vigslar for utanbygds personar, samt ikkje medlemmar , kr 2000 for organist, kr 3800 for prest dersom ein bur utanfor prostiet.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

For leige av kyrkja til gravferd og vigslar for utanbygds personar, samt ikkje medlemmar vert prisen uendra på kr 3500 inkl kyrkjetenar og organist, men denne summen gjeld 'og dersom dei har med organist. Kostnad ved bruk av vår prest for dei som bur utanfor prostiet iflg retningslinjer frå Bispedømekontoret.

Ved konsertar: Eksterne konsertar i kyrkja - 15% av billettinntektene, minimum kr 3500. Lokale kor fast kr 1000 – beheld billettinntektene sjølve.

Behandling i møte:

Det vart gjort ei avklaring kring kven som vert rekna som lokale – der Barnekoret vart halde utanfor fordi dei er drivne av kyrkja.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak, samt at Barnekoret vert halde utanfor prisinga.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	11/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

11/2024 Ny Minnelund i Sveio ved Eikeland kapell – namneplater.

Vi har no fått på plass tre namna Minnelundar i Sveio – ein ved Førde kyrkje, ein ved Sveio kyrkje og siste ved Eikeland kapell.

Til Minnelundane i Førde og Sveio er det vald namneplater i stål på 15x15 cm, som vist i vedlegg til sak 11/2024. Desse blir festa på glatt minimalistisk underlag med skruar og lim.

I Minnelunden ved Eikeland kapell skal namneplatene tilpassast naturstein med ujamn overflate, og vi vil gjerne vurderer ein annan type namneplater her, og som kan passa betre til natursteinen og omgivnadane.

Vi har vurdert liknande namneplater som dei har i Minnelunden ved Udland kyrkje i Haugesund. Den har same mål på 15x15 cm og er utført i sandstøyppt bronse. Den kan påførast namn, fødsels- og dødsdato, samt eit symbol og eit minneord, og kan leverast i ulike fargar som dempa blå, raud, bronse med fleire, sjå vedlegg til sak 11/2024.

Dokument i saka:

Bilete av namneplatene som er nytta i Minnelundane ved Førde og Sveio kyrkje, samt av dei namneplatene det kan vera ønskjeleg å nytta i Minnelunden ved Eikeland kapell, vedlegg 11/2024.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 030924:

Kan vi gå for namneplata som er føreslått for Eikeland Minnelund – under føresetnad av at desse kan leverast som vist til over og at dei kan festast på natursteinen som er nytta i Minnelunden ved Eikeland.

Behandling i møte 030924:

Fellesrådet likte namneplata som var framlagt, og meinte dette ville vera ei velfungerande namneplate i Minnelunden ved Eikeland kapell. Dei lurte 'og på om dette var ei namneplate som 'og kunne nyttast i Minnelunden ved Sveio kyrkja, som ikkje er tatt i bruk.

Kyrkjeverja gjorde merksam på at det var gjort eit vedtak i Fellesrådet om like namneplater i Førde og Sveio, men det vedtaket kan sjølvstøtt gjerast om. Kyrkjeverja føreslo å ta det opp til vurdering når det vart aktuelt å ta den Minnelunden i bruk. Det måtte då takast omsyn til diktet som er sett opp på namneplater i stål – både i Førde og Sveio.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030924:

Fellesrådet vedtok å gå for namneplatene som var vist i dokument til saka i Minnelunden ved Eikeland kapell, og innanfor følgjande gitte kriteriar:

- ha sandstøypt bronseplate
- vera 15x15 cm i størrelse
- ha ein tjukkelse på min 6 mm
- kan patinerast i div farger, mest brun, men òg blå, grøn og raud
- skrift / dekor etter kunden sitt ønskje

Og under føresetnad at desse kan festast til natursteinane som er nytta i Minnelunden. Skattkjær vil ta ei vurdering på dette fredag 06.09.

Ei eventuell omgjerung av vedtak for Minnelunden ved Sveio kyrkja, vart utsett til det blir aktuelt.

Tilbakemelding på status 291024:

Det er no inngått avtale med Skattkjær AS i Haugesund om levering av namneplater innanfor våre gitte kriteriar.

Så langt har vi godkjent ei namneplate – denne er i bestilling og vil bli sett opp i Minnelunden ved Eikeland kapell innan kort tid.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	23/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

23/2024 Tilbod frå Fjordkraft – ny straumavtale.

Du finn tilbodet vedlagt. Dette tilbodet gjeld dersom vi blir medlem i forsikringsselskapet Knif – medlemsskapet er kostnadsfritt og kan gi fleire fordelar, då dei har eit samarbeid med mange leverandørar av ulikt slag.

Dokument i saka: Tilbod frå Fjordkraft, samt faktura frå Haugaland kraft, vedlegg sak 23/2024.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:

Vi må avklara med kommunen om vi er knytta opp mot straumavtalen deira, og evt når denne avtalen går ut. Dersom vi inngår i avtalen til kommunen, kan ny avtale først vurderast når noverande avtale går ut.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Kyrkjeverja , eventuelt kommunen sin representant i FR, følgjer opp saka med kommunen med tilbakemelding til FR-møtet 03.12. Her vil Kyrkjeverja gjerne 'og at vi avklara om vi har ein felles telefon-avtale med kommunen – dette fordi vi her 'og får tilbod frå andre leverandørar frå tid til annan.

Behandling i møte:

Saka vart utsett.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

Møtet innstilte på utsetting i trå med Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

ORIENTERINSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.10.29	24/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

A. Staben vår.

040624: Ingrid slutta 290224, Haldis går av som førtidspensjonist 010225. Brit slutte 300924. Sak 16/2024 viser korleis stillinga vert fordelt framover. Anne skal ha svangerskapspermisjon fom medio desember 2024.

[Status 291024: Det vert effektivt vikar for stillinga til Anne i hennar permisjon.](#)

B. Valestrand kyrkje - roteskade i tak - kostnadsestimat, status og framdriftsplan.

040624: Skaden vart avdekka av dei som malte kyrkja - etter oppdrag frå oss. Dei har seinare utarbeida ei kostnadsramme på dette på kr 250 000 – 300 000 som vart oversendt kommunen innan budsjettfristen for 2025, 010524, samt med eit sterkt ønskje om at saka vart handsama politisk – dette for å få midlar tildelt i 2024 - slik at arbeidet kunne utførast før ny vinter. Vi hadde synfaring med kommunen 230524 og 180624 fekk vi melding om at kr 300 000 var innvilga av kommunestyret til dette arbeidet. 200824 var det ny synfaring med entreprenør og arbeidet er planlagt ferdigstilt i løpet av hausten – oppstart kring månadsskiftet august/ september.

[Status 291024: Arbeidet starta opp som planlagt og vart ferdigstilt medio september – i god tid før ein ny vinter 😊. Arbeidet vart utført av Engelsen og Leirvik AS. Totalkostnad kr 148 126,01 eks mva – denne er dekkja av innvilga kostnadsramme tildelt av kommunestyret 180624.](#)

C. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.

040624: Arbeidet her er planlagt med egne ressursar og noko dugnadshjelp, og vil bli jobba med haust/ vinter 2024/ 2025.

[Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for det vidare arbeidet med sakristia inntil dei er ferdigstilte. Planleggingsarbeidet er starta og prestesakristiet vert prioritert sidan det vert mest brukt.](#)

D. Rehabilitering av altertavla i Valestrand kyrkje - finansiering, status og framdriftsplan.

040624: Arbeidet starta i juni (12.06) og har hatt pause i sommar – det er planlagt ferdigstilt i løpet av august/ september. Arbeidet har ei kostnadsramme på kr 170 000 – der kr 160 000 vert dekkja av tilskot frå Riksantikvaren, resten frå vedlikehaldsfondet vårt.

[Status 291024: Arbeidet i haust vart noko forsinka, men vart gjennomført 17.10 og slutført 22-23.10, og altertavla framstår no i ny rehabilitert versjon 😊.](#)

E. Rehabilitering av tak i Sveio kyrkja – kostnadsestimat, finansiering, status og framdriftsplan.

[Status 291024: Det var synfaring med prosjektleiar Andreas Ekrheim, kulturkonsulent i kommunen Ellen Tveit, arkitekt og bygningsvernrådsgjevar ved Sunnhordland Museum, Kathrine Norum 24.09. Målet var å få oversikt over arbeidet som skulle gjerast, og som kunne resultera i ein rapport som skulle leggja grunnlag for ein søknad til Kyrkjebevaringsfondet – der fristen for å søkja om midlar for 2025 er 04.11. Prosjektleiar har i ettertid utarbeida grunnlagsrapport og kostnadsrammepå 2,7 mill for prosjektet, og Kyrkjeverja vil innan fristen søkja om midlar frå fondet dokumentert i utarbeida rapport og kostnadsramme.](#)

Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.

040624: Viser tilsynsrapport for Sveio kyrkja som var vedlagt innkallinga til møtet.

Tilbakemelding med framdriftsplan vart sendt Tilsynet HBR innan fristen 150624.

Framdriftsplanen legg opp til at vi skal ha korrigert for påpeika avvik i løpet av hausten.

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for den vidare prosessen med frist 31.12.

F. Rekneskap mot periodisert budsjett pr 291024 – blir presentert i møtet.

291024: Rekneskapen pr 29.10 viser eit mindreforbruk på kr 824 000 pr dato, men ifølge Kyrkjevevja er erfaringa at svært mykje vert utgiftsført dei to siste månadane i året – så resultatet vil mest sansynleg endra seg fram mot 31.12.

Neste møte 03.12.24, kl 17.30 – julemøte - kjente saker.

- Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 291024.
- Rekneskap mot periodisert budsjett pr siste mnd.
- Innspel til budsjett 2025.
- Vurdering/ justering av prisar ved gravferd/ kremasjon.
- Vurdering/ endring av tilskot ved kremasjon.
- Oppfølgingssaker frå 231123 – opplæring og kyrkje/ gravplassbesøk.
- Oppfølgingssaker frå 040624, 030924 og 291024.

Rita Holmedal – Kyrkjevevja/ referent

Signaturar: